

norsk bridge

Rekorddeltakelse på Juniorleiren



Medlemsblad for Norsk Bridgeforbund
nr. 3 - sep. 2013 – 19. årgang

Kvagraven – Lie: Gull i NM par, bronse i EM par
Bjørn Svela er Årets Bridgeildsjel




MED 5 % RABATT SPILLER DET KANSKJE INGEN ROLLE OM DU GÅR BEIT AV OG TIL?



MIDNATTSOLEN GIR 24 TIMERS DAGSLYS

Hurtigruten er
den beste måten å
oppleve de norske



VÅRI ÅLESUND



VAKRE HØSTFARGER



NORDLYS UTE OG
BRIDGE INNE



JUBILEUMSTILBUD

Medlemmer i Norsk
Bridgeforbund får

5% rabatt

Gjelder alle reiser med Hurtigruten
på Norskekysten i 2013. Rabatten
gjelder kun på ordinære priser.

Bli med reisen du alltid har drømt om. Bestill i dag!

Du bestiller reisen din på telefon 810 30 000.

Vennligst oppgi at du er medlem i Norsk Bridgeforbund ved bestilling.

 **HURTIGRUTEN**

Leder	2
Siden sist	3
Hurtigrutebridge	4
Bridgefestivalen.....	6
Årets bridgegildsjel.....	20
Ernst & Young-prisen 2012/13	23
Ranik Halles pris 2012	25
Begynnerfestivalen.....	26
Tilpasninger av klubbkvelden	29
Juniorleiren	30
Juniorlaget på EM-oppkjøring i Finland	34
Ungdoms-EM: U25, U20, Jenter	38
EM i Ostende	56
Engerdal bridgeklubb satser på rekruttering.....	60
Salten bridgekrets 65 år	62
Molde BK Storturnering	64
BK Tempo fyller 80 år	69
FOSS-turneringene.....	70
Bridge i fjellet	74
Nytt fra UTV	78
Hans Jørgen Bakke in memoriam	80
Turneringsplan.....	81
Bridge for alle, Tenerife.....	83
Bridge for de relativt ferske	86
Villy Dam.....	88
Kort fortald	90

NORSK BRIDGEFORBUND
 Sognsveien 75 A
 0855 Oslo
 Telefon: 47 47 94 00
 (mandag–fredag 12.00–16.00)
 E-post: bridge@bridge.no
www.bridge.no
 Bankkonto: 5002.05.01585
 Postgiro: 0814.51.95102

REDAKTØR ERLEND SKJETNE
 Mobil: 974 75 164
 e-post: erlend@gammagrafisk.no
 Ramsharts vei 1c, 7020 Trondheim

LAYOUT
 AIT Oslo AS


ANNONSER
 Ansvarlig: Erlend Skjetne
erlend@gammagrafisk.no
 Annonserpriser: Etter avtale
 Annonsemateriell leveres skriftlig,
 med e-post, eller brev.

TRYKK
Grøset™
 Opplag: 9.000

Neste utgivelse
 desember 2013
 Innleveringsfrist
 10. november 2013

Trykk: GROSET™





Til det førre nummeret av dette bladet kunne eg kose meg med å skrive litt frå ei fantastisk bridgehelg på Vestvågøy i Lofoten. I dette nummeret omtalar eg ei singeltevling eg fekk vera med på i dei fortryllande fjellområda over den legendariske Soknedalen i Sør-Trøndelag. Om eg ikkje akkurat presterte min beste bridge korkje på Vestvågøy eller i Soknedal – det sosiale aspektet var viktig ved både desse høva – så var det likevel fine opplevingar for ein ung nordmann. Ikkje berre bridgen, men òg naturen, arrangementa som heilskap i veldig vakre omgjevnader.

I herverande blad får vi ein presentasjon av ei ny storsatsing, bridge på Hurtigruta. Det kostar litt å vera med der, men ikkje mindre er det eit strålende tiltak, noko som verkeleg bør kunne freiste bridgespelarar både her heime og i utlandet. Nettopp det med utlendingane er poenget eg vil fram til: Noreg er ein turistnasjon, eit land som har utruleg mykje

by på av naturopplevingar, og i dette ligg det eit stort potensiale også for bridgens del. Det er ingen løyndom at det finst mange pengesterke bridgespelarar òg i utlandet, og mange som utan tvil vil ha interesse for å kombinere ferien sin med bridge. Vi nordmenn reiser jo til Syden og spelar bridge der, så kvifor skal ikkje folk frå sørlegare strok koma til pittoreske Noreg og spela bridge her? Eg meiner ikkje å seia at alle lokale tevlingar rundt om i Noreg, der kjentfolk møtest, skal byrja rekruttere ein masse forvirra japanarar, tyskarar og amerikanarar. Men Bridge-Noreg ville generelt ikkje hatt vondt av å tenkje større, av å gjera norsk bridge til noko meir enn berre *norsk* bridge.

I så måtte er satsinga på Hurtigruta eit stort steg i riktig retning, og sume har også ymta frampå om at Norsk bridgefestival med føremón kunne inntekne same offensive haldning. Ein skal ikkje naudsynlegvis gå inn for å kopiere utanlandske konsept, men når mange norske bridgespelarar fer til den svenske bridgefestivalen utan at meir enn nokre fåe svenskar deltek på den norske, er det jo litt forstemmande. Nøyaktig kva som skal til for å lokke utlendingane til Norsk bridgefestival er naturlegvis

ikkje godt å seia, og det er jo ikkje slik at festivalen ikkje *greier* seg utan utanlandsk deltaking, men det er ingen grunn til ikkje iallfall å prøve. Når det til neste år etter alt å døme blir endringar i festivalopplegget, kan ein med føremón ha dette i minne.

Med EM i Tromsø i 2015 får Noreg ein gyllen sjanse til å marknadsføre seg sjølv andsynes utanlandske bridgespelarar, ein sjanse vi bør vita å utnytte. Det viktigaste er naturlegvis å gjera arrangementet så brillant at folk får lyst til å spela meir bridge i landet vårt. Dinest bør vi reklamere aktivt også for andre bridgearrangement rundt om i Noreg, som bridge på Hurtigruta og Bridgefestivalen, og ikkje minst for Noreg som turistnasjon. Det sistnemnde vil nok bridgespelarane få røyne ved sjølvsyn under midnattssola i den vakre byen Tromsø, men det skadar ikkje å seia det til dei for tryggleiks skuld.

Kven veit, om nokre år møter eg kanskje japanarar, tyskarar og amerikanarar i bridgetevlingar på Vestvågøy og i Soknedal.

*Erlend Skjetne,
redaktør*



Kjære bridgevenner!

Da er en strålende sommer over, og vi kan ønske hverandre vel møtt til en ny høstsesong med mye bridgespilling!

Enten du er nybegynner, en gjennomsnitts klubbspiller (som meg selv), eller toppspiller, som medlem av NBF kan du være trygg på at du finner et tilbud tilpasset ditt ambisjonsnivå.

2013 har så langt i år vært et godt år for NBF og bridge i Norge.

Våre 364 klubber har så langt i år opplevd en medlemsvekst på rundt 5 %, og har i skrivende stund 9.776 registrerte medlemmer. Gjennomsnittsalderen er nå 58,9 år, med medlemmer fra 3 til 98 år!

Avtalen om å arrangere det første internasjonale bridgemesterskapet i Norge siden 1969 ble høytidelig signert under årets Åpne EM i Ostende i juni i år. Selv om mye arbeid gjenstår, gleder vi oss allerede til å ønske både norske og internasjonale bridgespillere velkommen til

Tromsø i 2015. For at EM 2015 skal bli den suksessen vi alle ønsker for briden i Norge, trenger vi hjelp fra dere alle. Fortell bridgevenner i inn- og utland om Tromsø! Fortell at sommeren i nord kan være fantastisk (det har vi ikke minst fått dokumentert denne sommeren). Ikke minst, fokuser på at det hverken er dyrt å reise til, bo eller spise i Tromsø. Sist men ikke minst, sett av et par uker til bridge i månedsskifte juni / juli 2015! Sammen skal vi gjøre EM 2015 til en folkefest som for alvor kan bidra til å skaffe oppmerksomhet og økt rekrytering av nye bridgespillere! Dette er et arrangement som vil løfte både NBF som organisasjon, og bridge både som tankesport og hyggelig fritidsaktivitet i Norge!

Årets Bridgefestival i Fredrikstad viser en liten økning i deltagelsen og et tilnærmet perfekt gjennomført teknisk arrangement. Nok en gang – tusen takk til festivalsjef Inger Hjellemarken, dyktige medarbeidere i staben, og ikke minst Bridgefestivalens hovedsamarbeidspartner Bridge Media Ltd!

Våre dyktige svenske naboer har nær 5 ganger så mange deltagere på Svensk Bridgefestival (8.000 par mot totalt vel 1.700 under årets norske festival). Selv om

Sverige også har tre ganger så mange medlemmer, tror vi det er et potensiale for flere deltagere også for vår festival, ikke minst til sideturneringene. Vi vil sammen med vårt utvalg for turneringsvirksomhet og Festivalledelsen vurdere hvordan vi kan videreutvikle turneringsprogrammet i Norsk Bridgefestival.

Det er allerede besluttet å flytte NM par ut av Festivalen fra neste år. Styret i NBF har også fattet et prinsippvedtak om at det i 2015 ikke vil bli arrangert en tradisjonell Bridgefestival, fordi vi ønsker at flest mulig av våre medlemmer skal delta i Åpent EM i Tromsø.

Juniorleiren under Bridgefestivalen hadde i år rekorddeltagelse. 48 barn og ungdom fra 8 til 25 deltok, hvorav halvparten på nybegynnerkurset. Selv hadde jeg to døtre på 12 og 13 år som lærte å spille bridge, men også fikk nye venner, spilte fotball, badet og hoppet fra 10'ern! Bridge er muligens ikke risikosport, men det er tøft å være med på juniorleir! Tusen takk til Lars Eide, Sven-Olai Høyland og resten av staben som gjør en kjempejobb for å få nye generasjoner til å oppdage hvor morsomt og utfordrende det kan være å spille bridge!

Til tross for hyggelig økning i medlemstallene, vet vi at det er

16.-27. oktober 2013

Bridge på Hurtigruten



I perioden 16. til 27. oktober blir det muligheter til å kombinere verdens vakreste sjøreise, Hurtigruten langs norskekysten, med verdens morsomste kortspill, bridge.

MS Finnmarken er et moderne cruiseskip med basseng, bøllebad, døgnåpen kafé, flere trivelige puber og barer, og restaurant med fantastisk god mat. Alle fasilitetene har en nydelig utsikt som endrer seg hele veien opp langs vår vakre kyst. Bridgen foregår i store og luftige møterom.

Det blir faste turneringer hver dag, mellom havner. Turneringsopplegget kan skreddersys for klubber som ønsker egne varianter. Svein-Jarle Ludvigsen vil være om bord fra Bergen til Bergen og kan arrangere alle slags turneringen alt etter ønsker folk måtte komme til å fremme. Spesialønsker som Ruter-kurs, turneringslederkurs på klubbnivå og nybegynnerkurs i bridge er også gjennomførbare.

Reiser på over fire dager må bookes på Hurtigrutens egen booking via mail eller telefon, mens reiser på under fire dager kan bookes direkte på MS Finnmarken. Husk å oppgi medlemsnummer, eller i hvert fall nevne tilknytning til Norsk Bridge-forbund, for å få rabatt på reisen. Svein-Jarle Ludvigsen kan være behjelplig med å innhente priser på strekninger om noen ønsker assistanse, han kan nås på tlf. 909 43 472 eller mail: svein-jarle@bridge.no. Man kan reise akkurat så langt man vil, og det går alltid en annen Hurtigruten-båt tilbake samme vei som man kom.

Alle kan delta, både nybegynnere og avanserte, utlendinger og nordmenn uten NBF-medlemskap. Man trenger ikke ha med makker, det kan ordnes på båten! Det blir klubb- og kretspoeng i turneringene.

Vi ønsker alle velkommen til verdens mest fantastiske bridgereise!





Av Erlend Skjetne

Norsk bridgefestival: Suksess igjen – Men til neste år blir det endringar

I byrjinga av august vart Norsk bridgefestival for andre gong arrangert i Fredrikstad. Opplegget var mykje godt det same som føregåande år, og det var ingenting å seia på gjennomføringa, men til neste år blir det like fullt endringar i programmet.

Inger Hjellemarken melder at Festivalen totalt sett hadde auke i deltakinga frå i fjor til i år, men at serleg NM monrad par, kvalifiseringa til Parfinalen, har opplevd eit fråfall. NM monrad lag er òg ei mindre tevling no enn den var for ein del år sidan. Det er spesielt desse programpostane, som jo har bunde opp valdsamt mange spelarar, det har vore eit påtrykk for å få justert på, til fordel for eit meir differensiert og fleksibelt opplegg. Ein har ynskt å flytte den lange Parfinalen vekk frå festivalveka, og heller ordne ei parteving med A- og B-finale under Festivalen, og ei lagtevling med ei innleiande kvalifisering og deretter

utslagsrundar fram mot ein finale. Planlegginga er godt i gang og visse vedtak er allereie fatta; lengre bak i dette bladet gjev Sigmund Bakke ei grundigare orientering om endringane.

Som vanleg byrja Festivalen i år med Opningstevlinga fredag kveld, vunne av det spennande paret Bjørn Erik Rydland – Tommy Kristiansen, føre eit anna nordnorsk par, Arild Jakobsen – Ann-Elin Danielsen. På tridje plass fylgte nok eit mixpar, Sverre Pallesen – Torgunn Foss.



Pallen i NM mix par. Frå venstre Siv Thoresen, Kåre Bogø, Svein Arild Naas Olsen, Gunn Helness og Tormod Røren. Ann Karin Fuglestad var ikkje til stades då biletet vart teke.

Dei to store mixtevlingane, par og lag, er det vel å merkje ingen planar om å endre på. Det er det ingen grunn til, for dette er framleis veldig populære arrangement, som dreg til seg hordar av folk.

For å byrja med NM mix par, Noregs største partevling, så samla ho 214 par i år mot 207 i fjor. Det er unekteleg mykje dei same namna som går igjen i tetsjiktet kvart år, men i år såg det ut til å kunne bli ei lita overrasking heilt på toppen av pallen, då Stian André Evenstad og Wibeke Andersen leia før aller siste runde. På andrepllass låg Odin Svendsen og Ida Wennevold, attom dei Håkon Kippe og Tove Stoen, fjorårets sylvmedaljørar. Men det var berre kringom 60 poeng mellom desse tri para, deretter 70 ned til fjerdepllassen. Der låg Kåre Bogø og Siv Thoresen, utvilsamt ein av førehandsfavorittane.

80 poeng bak dei igjen låg Ann Karin Fuglestad og Tormod Røren, og ytterlegare ti poeng bak fylgde Svein Arild Naas Olsen og Gunn Kari Helness. Etter siste runde hadde femteplassen, Fuglestad – Røren, teke bronse, fjerdeplassen, Thoresen – Bogø, sylv og sjetteplassen, Helness – Naas Olsen, gull! Dei tri para som låg på pallen før siste runde, hadde alle så därlege rundar at dei ramla ut av medaljerekka. Det viktigaste i ei bridgetevling er som kjent ikkje å leie undervegs, men å leie når ho er slutt!

Som eit plaster på såret til Stian André Evenstad, ein svært kompetent nordnorsk spelar, skal vi vise fram eit spel der han utviste god teknikk.

♠K84

♥J653

♦QJ962


♣2

♠J732

♥987

♦A875

♣73



♠106

♥Q4

♦K103

♣QJ9654

♠AQ95

♥AK102

♦4

♣AK108



Tommy Kristiansen og Bjørn Erik Rydland vann Opningstevlinga




Stian André Evenstad

Evenstad i sør opna 1 kløver, fekk 1 ruter frå makker og melde 1 hjarter. Nord lyfte til 2 hjarter, Evenstad til utgang. Vest spela hjarter ni ut, som gjekk til liten, liten og tiaren. Ein rutinert spelar ser kvar det er rett å byrja no: Dei andre fargane er som dei er, det er ingen av dei det hastar med, men i ruteren finst det potensiale om ein berre brukar kommunikasjonslinene godt. Evenstad spela altså straks ein ruter til dama og aust sin konge. Ho skifte kløver dame, vunne med esset, utan at det spela noko rolle kva ho returnerte. No fylgde kløver til steling, hjarter til esset som felte dama, og ny kløver til steling. Etter spar til esset tok Evenstad all trumfen og ein ståande kløver konge, og dét vart eit kort for mykje for stakkars vest, som ikkje kunne halde både sparlengda og ruter ess. Merk at det ikkje hjelper vest å gå opp med esset i fyrste ruterrunde, for då kan ruter konge over dame, knekt tvingast ut mot trumf i sør, så ein får ein stor ruter å kaste spar på. Tolv stikk gav eit svært godt resultat.

Parallelt med NM mix par gjekk som vanleg NM junior, den av tevlingane på Festivalen som slit mest, utan at dét har noko som helst med Festivalen som arrangement å gjera. Det er rett og slett for fåe juniorar i Noreg, og til overmål er det langt frå alle vi har som faktisk møter opp til NM. Av dei 32 spelarane som deltok var kringom ti heilt ukjende namn for meg, ferske spelarar som kom direkte frå den føregåande Juniorleiren, som du finn omtale av lenger ute i dette bladet. Veldig gledeleg at alle desse ville vera med, det gjev trass alt håp for framtida, vi må berre gjera alt vi kan for å halde på desse unge. Artig ikkje minst at så mange av dei nye andleta er jenter, noko som er positivt i seg sjølv, men som kan

få ein bieffekt vel verd å utnytte, om ein berre tør å tenke litt kynisk på det: Gutar dreg ikkje jenter til briden, men eg veit av røynsle at dit jentene er, kjem gutane. Hadde Noregs unge menn ana kor mange sjamerande jenter som deltok berre i årets utgåve av Junior-NM, er eg sikker på at deltakartalet kunne vore fordobra.

Forståeleg nok er nivået i NM junior svært ujamt, så for dei para som har størst ambisjonar, handlar det mykje om å få maksimalt utbyte av rundane mot litt veikare motstand. I fylgjande spel var motparten derimot gode spelarar, som fekk føle at det ikkje løner seg å sitja imot korta og ein noko lunde rutinert speleførar i dette feltet.



Nord opna 1 kløver, og sør sa 1 grand som viste 11-12 poeng utan firekorts major. Nord melde 3 grand. Vest valde det utspelet eg sjølv ville vald, ei norsk hjarter fem. Denne gjekk til niaren og tiaren, og med dei fine småkorta såg jo sør at det nok var duka for fire hjarterstikk. På ny hjarter la vest i knekten, den vart teken med dama. Ruteren treng ein ikkje, det er sparen som må i arbeid. Sit den 3-3 har ein tri sparstikk, sit den 4-2 har ein normalt berre to, men det kan bli tri då òg om spar ess sit dobbel. Gjer den det her er det truleg hjå vest, så sør spela ikkje ein sløv spar til dama, men derimot kløver til handa og spar opp mot bordet. Tiaren var interessant å sjå. Her kjem teorien om avgrensa val inn i biletet; viss vest har ti, ni vil han truleg leggje niaren cirka helvta av gongane, så tiaren er "sannsynlegvis" singel og ikkje frå ti, ni. Altså tok sør ein kalkulert partevlingsrisiko: Då spar knekt stod spela han liten spar opp, og då

aust igjen la liten la han åttaren. Deretter spar dame som godspela endå eit sparstikk, og etter ruterskift kløver dame og ein djup kutt i hjarter. Ellevre stikk var svært godt utbyte av desse ressursane.

Vinnarar av NM junior vart underteikna og Kristian Barstad Ellingsen, på kvalitetsutrekning føre dei to stortalenta Tor Eivind Grude og Fredrik Helness. Det var ingen komfortabel måte å vinne på, og ein kan naturlegvis spørja seg om det ikkje hadde vore betre å dele fyrsteplassen mellom to par, men når situasjonen faktisk oppstår må ein vel nesten fylge retningslinene som førelåg på førehand. Bronsen gjekk til Kristoffer Hegge, som har gullmedaljar nok frå før i denne klassa, og Kristian Stangeland.

Same ettermiddag byrja som vanleg NM mix lag og NM monrad par.

I NM mix lag, som samla 72 lag i år mot 76 i fjor, var det inga større overrasking at lag 100, Kjell Otto Kopstad og Jorunn Feness i tospann med ekteparet Egil og Marianne Homme, gjekk sigrande ut. Litt meir overraskande for mange var det nok at BAMS, akronym for Bård, Annika, Marte og Stein, lenge leia og til slutt tok sylvet. Marte Haugen Klingen er berre 18 år, men går openbert ei lys bridgeframtid i møte. Makker i denne tevlinga var Bård Kåre Græsli, medan mor til Marte, Annika, spela med sin make Stein Bjerkset. På bronseslassen fylgte Damer og knekter, nærmere bestemt Ann-Mari Mirkovic – Martin Reinertsen og Ranja Sivertsvik – Svein-Gunnar Karlberg.



Frå venstre Tor Eivind Grude, Fredrik Helness, Erlend Skjetne, Kristian Barstad Ellingsen og Kristoffer Hegge. Kristian Stangeland var ikkje til stades då biletet vart teke



Vinnarar av NM mix lag, frå venstre Egil Homme, Marianne Homme, Jorunn Feness og Kjell Otto Kopstad

Nemnde Stein Bjerkset og Annika Haugen vann butleren i NM mix lag. Når ein kan skilte med spel som det fylgjande, er ikkje dét til å undrast på.

♠KJ2	♠107
♥A9876	♥KJ104
♦J4	♦8
♣986	♣AKQJ42
♠Q865	♠A943
♥Q5	♥32
♦9765	♦AKQ1032
♣1073	♣5

Over 1 kløver frå Martin Reinertsen i aust melde Bjerkset inn 1 ruter. Vest passa og Annika Haugen sa 1 hjarter, før Reinertsen sperra litt med 3 kløver. Bjerkset var redd for at sparen ville kunne forsvinne her, og sa 3 spar, som Haugen på si side følte ho ikkje hadde anna val enn å lyfte til utgang. Mot denne svært skøyre utgangen kom det kløver ut til knekten og ny stor kløver. Bjerkset las utspelet som den minste frå tri, og utviste god teknikk då han kasta ein hjarter no, og heller stal den neste kløverrunden. No spela han spar til finesse med knekten, tok også




Vinnarar av NM monrad par, Ole Arild Berset og Dag Jørgen Stokkvik

kongen, og følte seg ganske sikker på korleis sorten sat då tiaren fall i aust. Det var berre å køyre på med ruter: Stakkars vest kunne stela når ho ville, men ho hadde inkje beitande attendespel: Hjarter stakk Bjerkset med esset og drog spar til esset, og då var trumfen ute og resten stod. Frisk bridge! Merk at det går heilt skeis om Bjerkset stel i andre kløverrunde, for då har vest ein kløver å spela når ho stel seg inn i ruter, og speleførar er trumfmatt.


I NM monrad par var det i år 94 par mot 112 i fjor, ein markant nedgang, som kanskje illustrerer det vi skrev om over, at heile opplegget rundt Parfinalen er moge for revisjon. Vinnarar i år vart med god margin Dag Jørgen Stokkvik og Ole Arild Berset. Sistnemnde vann også tevlinga med Frank Erik Svindahl i 2010. På andre plass kom eit forholdsvis nytt par som like fullt er inne i landslagstroppen, Odin Svendsen og Petter Tøndel, medan dei noko eldre ringrevane Jan Mikkelsen og Jon Egil Furunes tok bronsen. Det vart nok eit nesten for Stian André Evenstad i denne tevlinga, fjerdeplass i lag med Espen Larsen.

Eit par som ikkje lyktest heilt under denne festivalen, men som har gjort det så bra over lengre tid at dei saktens har litt å gå på, var Sam Inge Høyland og Trond Hantveit. Dei greidde ikkje kutten i NM monrad par, og fekk for ein gongs skuld altså ikkje spela Parfinalen, men fylgjande spel frå monraden er ikkje mindre imponerande av den grunn. Her var dei heilt åleine i feltet om å finne toppkontrakten – ein storeslem på 4-3-tilpass!



Dei som kom seg til den glimrande kontrakten 6 grand fekk mykje pluss, men vi tilskodarar på BBO såg jo at 7 kløver hadde veldig gode sjansar og aktuelt var lettspela. Det såg likevel ut som det måtte vera nesten håplaust å få meldt denne kontrakten i eit naturleg system, men Høyland og Hantveit greppe det. Etter innleiinga 1 spar – 2 hjarter var nøkkelmeldinga 3 kløver frå Sam Inge Høyland; resten av salen prioriterte nok å vise sjukorts spar så fort som mogleg. Trond Hantveit kravde no vidare med 3 ruter, og Høyland fekk vist minst seks spar med 3 spar. For å få styring mot slem introduserte Hantveit no trikortsstøtta si i kløver: Makker har ofte femkorts, men sjølv mot firekorts er det gode utsikter. Høyland kontrollmelde 4 ruter, Hantveit melde Blackwood, og då han fylgte opp med 5 grand etter svaret 5 kløver, hoppa Høyland til 7 kløver. Den kontrakten var det vanskeleg å gå beit i slik det sat, og 2140 var det ingen som kopierte.

Å kunne føre korta og få med seg alle stikka er nok likevel det aller viktigaste i partevling. Sør gjorde ein typisk slurvefeil i fylgjande spel, også frå NM monrad par; det kostar alltid flesk.



Aust opna 1 kløver, og sør gjekk inn med 3 spar, letta til utgang i nord. Analyseverktøyet seier at det berre står elleve stikk her; det gjeld både om vest spelar trumf ut, eller om han vel den meir naturlege kløveressen og så skifter trumf. Men det gjorde ikkje vest, han byrja med kløver ess og skifte ruter. Speleførar tok ess og konge og kasta to kløver, spela hjarter ess, ruter til steling og hjarter til steling. Når ruter dame har vist seg står naturleg nok knekten, så kvifor ikkje dra den og sjå kva som skjer? Det kan knappast bli noko gale av det, og bonusen er stor når aust har kongen dobbel i spar: Viss han kastar eit kort gjer sør det same, og treng deretter berre å ta sparfinessen for å ha resten av stikka. Men aust stel nok i, sør stel over og stel endå ein hjarter. Til slutt kjem spar konge ramlande under esset, for tolv stikk og ein kjempescore. Diverre oversåg sør denne gratissjansen. Hadde han endå spela ruter til steling og hjarter til steling ville han fått elleve stikk og rundt middels, men då han sløvt nok stal ein kløver lågt og fekk oversteling og ny trumf på seg, fekk han berre ti stikk og tilnærma botn. Den slags kjem ein ikkje langt med i partevling!

Tysdag morgen byrja to meisterskapar som både var nesten akkurat like store i år som i fjor. NM veteran gjekk frå 71 opp til 77 par i år, NM damer frå 43 til 44.

Svært populære vinnarar av NM veteran vart Svein Erik Bull og Arnold Digre. Både er finnmarkingar, men medan Bull bur i Alta og er ein føregangsmann innan bridgen der, held Digre hus i Oslo. Dei leia store delar av tevlinga, men på slutten vart



Vinnarar av NM veteran, Arnold Digre og Svein Erik Bull



Vinnarar av NM damer, Pernille Lindaas og Maja Rom Anjer



*Ida
Wennevold*

det spennande. Sylvmedaljane gjekk til sist til dei velkjende brørne Helge og Roald Mæsel, medan to andre sørlandingar, Petter Lindqvist og Per Egil Westin, kapra bronsen.

I NM damer var det lenge Ingunn Uran og Ann-Mari Mirkovic som leia, men gjengangarane Pernille Lindaas og Maja Rom Anjer tok over etter kvart, heldt tunga beint i munnen og vann. Det vart sylv på Uran og Mirkovic, medan bronsen gjekk til to utlendingar som både har vore busette i Noreg over lengre tid, og som både er viktige aktørar innan Bridgeforbundets arbeid mellom unge: Virginia Chediak kjem frå Uruguay, men bur i Kragerø, Rosaline Barendregt kjem frå Nederland og bur i Bergen.


I det fylgjande spelet var det Ida Wennevold, som vart nummer fire i NM damer i lag med Astrid Steen Lybæk, som briljerte.

♠854

♥KQ1092

♦K7

♣AJ8



♠A96

♥AJ763

♦A1083

♣5

Wennevold sat i sør og opna 1 hjarter. Etter 2 grand Stenberg frå nord og 3 spar inn, melde ho 4 hjarter,

som det gjekk pass rundt på. Vest spela den single sparen sin ut, og Wennevold spela raskt no: Kløver ess og kløversteling, ut med trumfen, tri gonger ruter til steling og nok ei kløversteling. I fjerde ruterrunde fekk vest generöst for dama, medan ein spar forsvann i bordet. Ikkje uventa hadde vest berre kløver att, og måtte spela til dobbeltrenons slik at den siste spartaparen forsvann. 12 stikk ga 15 gode plusspoeng i NM for damer.


I Patton, som samla 50 lag i år mot 52 i fjor, gjekk det unge laget To enkeltdaskara til topps, Even Morken – Daniel Ueland og Håkon Kippe – Tor Eivind Grude. På andre plass kom eit blandalag oppkalla etter bridgespelar Christian Vennerøds show på fjernsynet, Luksusfellen, beståande av Ronny Kolnes, Stig Dybdahl, Tommy Skodje, Trygve Undem, Stefan Jonsson og Frédéric Wilt. Bronse tok Shortzen, Tormod Røren – Haldor Sunde og Jo-Arne Ovesen – André Hagen. Det var for eit spel i denne tevlinga at Jo-Arne Ovesen fekk prisen for Festivalens beste spel.



Vinnarar av Patton, Håkon Kippe, Tor Eivind Grude, Even Morken og Daniel Ueland

♠J10652
♥K7
♦96
♣7532

♠ -
♥Q108653
♦75432
♣Q8



♠AK97
♥92
♦J108
♣K1096

♠Q843
♥AJ4
♦AKQ
♣AJ4

Vest opna i multi 2 ruter, og etter 2 hjerter i aust som var for preferanse, dobla Ovesen i sør. André Hagen i nord sa 2 spar, og no tok Ovesen ei praktisk avgjerd med 3 grand. Vest spela ruter to ut, vunnen på handa. Spar til knekten avslørde dei därlege nyheitene i den fargen. Aust kom inn på kongen og spela hjerter ni som gjekk til kongen i bordet. Spar til åttaren fylgde, og spar dame tok nok eit stikk. Aust saka to hjerter og ein ruter på dei tri sparrundane. Ovesen gjorde no ei vareoppteljing, og konkluderte korrekt med at vest hadde 6-5 i raudt, truleg med ein kløverhonnør. Han tok dei to gjenverande ruterstikka og la ned kløver ess. Vest kunne kasta kløver dame,



Jo-Arne Ovesen fekk prisen for beste spel på Festivalen; makker André Hagen skrev om spelet

men gjorde det ikkje. Gjer han det, kan Ovesen ta for hjerter ess og spela aust inn i spar. Aktuelt fylgde ny kløver til dama, og aust var sluttspela og måtte gje hjerter opp i saksa. André Hagen innrapporterte spelet til festivalsidene og fekk journalistprisen.

I tevlinga IMP's across the field, som samla 81 par i år mot 89 i fjor, vart det ein populær siger til dei sørtrøndsk ringrevane Per Mælen og Trond Stafne, to lærarar som alltid har vore rollemodellar for oss som kjem frå den regionen. Lisbeth Aulid Eide og Kjell Vidar Holmen tok andre plassen, medan Tor Eivind Grude og Håkon Kippe noterte endå eit godt resultat i lag med tridjepllass her.

Tysdag morgen byrja òg Parfinalen, som tradisjonen tru skulle vere i tri dagar til endes, med 86 par som alle møter alle. Publikum får berre orsaka at det blir ei overvekt av spel frå Parfinalen i denne krøniken, men underteikna var så heldig å få spela sjølv der i år, så då vart det naturleg nok den tevlinga eg fekk med meg mest av. Forresten trur eg nok at det er der det generelt blir spela mest god bridge, og som eit motsvar til alle kritiske røyster vil eg definitivt ta til orde for å bevare denne lange og krevjande parttevlinga. Ho er ei styrkeprøve som verkeleg skil klinten frå kveiten, og at andre format er nemneverdig meir rettferdige stiller eg meg sterkt tvilande til. Men at det vil vera ein fordel både for finalespelarane sjølve og for Festivalen som heilskap å flytte Parfinalen ut av festivalveka, trur eg utvilsamt det kan vera noko i, og det vil etter alt å døme skje. Det kan ikkje minst vera positivt for statusen til denne meisterskapen, som bør vera høg: Det finst




Trond Stafne og Per Mælen vann IMP's across the field


neppe ei tevling i Noreg, par eller lag, som det er vanskelegare å vinne.

Når dét er sagt, var feltets innsats skuffande i fylgjande spel frå den fyrste sesjonen. Det handla i grunnen berre om å ta med seg sjansane sine.

♠A10	♥AJ754	♦K73	♣AJ105
♠J984	♥Q1083	♦AJ9	♣86
♠A74	♥ -	♦Q1086542	♣Q43
♠KQ632	♥K962	♦ -	♣K972



♠A4	♥A8	♦AK875	♣Q843
-----	-----	--------	-------



♠10976	♥K943	♦1063	♣J9
--------	-------	-------	-----

♠KQJ82	♥J7	♦J2	♣A765
--------	-----	-----	-------

5 ruter var ein glimrande kontrakt, men trumfen sat altså ikkje så snilt her. I teorien må det likevel kløver ut for å beite, men det var jo fort gjort å spela ein spar ut. Denne går til esset, og så ein ruter til kongen. No ser det ut som ein treng kløverkongen i kapp. Men det finst naturlegvis ein ekstrasjanse, nemleg hjarteren 4-4. Det er berre å ta hjarter ess og kaste ein kløver, stela ein hjarter, spela spar til steling, ny hjarter til steling, spar til steling og endå ein hjarter til steling. Står ikkje hjarter knekt no, får ein framleis prøvd kløverkappen, men veit ein at knekten er god,

er det berre å spela kløver til esset og ta for den med avkast av kløver dame. Alt vest får er to ruterstikk. Merkeleg nok gjekk mange beit.

I den same sesjonen fekk underteikna sysle med eit svært morosamt spel.

Makker Glenn Grøtheim valde å opna 1 grand, ei tvilsam avgjerd i mine augo, men det blir no ein gong så ein opnar 1 grand på litt av kvart i partevling. Eg melde 2 hjarter, overføring, og vest dobla for utspel. Makker passa, som viste dobbel spar, men ytterlegare avtaler hadde vi ikkje, så eg trudde eg kunne melde 3 kløver berre som rundekrav. Diverre lyfte makker til 4 kløver, sleminvitt. Eg prøvde 4 spar, som aktuelt var toppkontrakten, men makker hadde så vilt gode kort at han sjansa på 6 kløver, det skulle jo noko til at det ikkje var eit visst spel for den kontrakten. Vest fann det beitande utspelet, hjarter. Eg måtte opp på esset og dra tri gonger spar for overhovudet å ha sjanse; hjartertaparen må jo bort før ein kan røre trumfen. Diverre hadde vest berre to spar. Han kunne altså stela i, men spørsmålet var kva kort han skulle stela med. Kongen er utelukka, då fyk hjarteren i bordet og trumfen blir taparlaus etterpå. Vest valde å stela lågt, men då kunne eg stela over med fira, spela kløver til esset og nok ein spar. No var det for seint: Igjen fyk hjartertaparen om aust stel med kongen, men stel han med tiaren stel eg over med dama, spelar kløver til esset og ein siste spar, som hjarteren fer på, medan aust må stela med meistertrumfen og resten står. Løysinga, som eg faktisk trur vest burde funne fordi det er den einaste sjansen hans, er å stela med kløver ti fyrste gongen. Eg må stela over og spela



Tri glade festivaldeltakarar som skal få vera namnlause, for dei gjekk alle beit i 5 ruter. Men utsjänaden har dei med seg



Harald Skjærå, Allan Livgård og Svein-Jarle Ludvigsen, tri av Noregs aller dyktigaste tevlingsleiarar

kløver til esset, men på nok ein spar kan vest no stela med kongen. Når aust har knekt, ni i trumf må han få eit stikk etterpå, for berre esset er att av høgare trumf. Det er vel ikkje naudsynt å nemne at dette var ein kassesving; berre eitt anna par melde og vann 6 kløver. Men dei fekk ein komfortabel trumf ut.

La oss sjå nokre døme til på interessante motspelspoeng. I fylgjande spel handla det om å kunne signalisere riktig når det trengst som mest. Dette er viktige ting!

♠98

♥Q1042

♦AK1065

♣42

♠Q104

♥K87

♦Q

♣KJ10985



♠7632

♥53

♦8432

♣A73

♠AKJ5

♥AJ95

♦J97

♣Q6

Meldingsforlaupet er fort gjort: Sør opnar 1 grand, får Stayman frå makker, svarar 2 hjerter og høyrer 4 hjerter. Vest bør ikkje finne på noko anna å spela den single ruterdama si ut, og når esset i bordet

vinn stikket bør prioriteringa vera klår i motspelet: Eg er normalt tilhengjar av styrke/svakheit i nesten alle situasjonar, men med ess, konge, ti i bordet og dama ut er det inkje føremål med anna enn lavinthal: Anten skal utspelaren ha ei steling, eller så har han dame, knekt sjølv. Altså skal aust leggje ruter to her, for å signalisere at han har verdiar i kløver. Når hjerter dame fylgjer frå bordet i stikk to, kan aust aksentuere preferansen sin med å leggje den minste hjerteren. No slepper vest det som i utgangspunktet er eit blindt val inne på hjerter konge, mellom spar og kløver, han kan trygt spela kløver til makkers ess og få stelinga. Men obs, obs, her er det ein detalj til: Aust kan ikkje alltid vita om utspelet var ein singelton eller frå dame, knekt, så vest bør gjera det klårt at det ikkje skal spelast kløver attende. Det gjer han ved å spela kløver knekt inne på kongen (det er nesten eit alternativ å spela kongen først og så knekten), ikkje ein liten kløver, som bør vera invitert og seia at ein ynskjer kløver attende. Å få med seg beita i 4 hjerter gav forbausande mykje pluss i Parfinalen. Underteikna hadde faktisk sjansen på to beit, då speleførar valde å kaste dama si under makkers kløver ess. Etter kløverstelinga kunne eg no spela mi kløver fem til makkers kløver sju og fått nok ei rutersteling. Men eg visste ikkje kven som hadde sjuaren, så dét ville vore heilt hasardiøst etter allereie å ha funne det riktige motspelet.

I fylgjande spel var det vinnarparet Terje Lie – Nils Kåre Kvagraven som spela effektivt motspel.

♠Q1072
♥J107
♦A1073
♣K2



♠K65
♥A5432
♦96
♣AQ4


♠J9
♥8
♦J842
♣J109763

♠A843
♥KQ96
♦KQ5
♣85

Sør opna 1 kløver, og etter innmelding 1 hjarter og negativ dobling i nord melde han 1 spar. Nord letta til 2 spar, og kvifor sør no sa 2 grand forstår ikkje eg. Nord sa i alle fall 3 grand, der mange poeng stod på spel mot dei tallause delkontraktane i spar som vart spela rundt om i salen. Kvangraven byrja naturleg nok med hjarter to, vunne i bordet. Spar gjekk til esset, og på spar opp la Kvangraven naturlegvis liten. Sparvalet er i og for seg ei marginal sak no, vest treng sjølvsgått ikkje ha spar konge fordi om han har meldt inn i sona, men han er nok favoritt til å ha den. Ein annan ting er at det å sleppe aust inn er farlegare enn å sleppe vest inn, fordi aust ikkje har meir hjarter å spela og difor lettare vil finne det kritiske kløverskiftet. Då speleførar valde tiaren var motspelet kontant: Lie skifte kløver ti, andre og fjerde gjennom speleførar, og Kvangraven la lett kløver dame, ettersom Lie måtte ha knekten. Dimed var kommunikasjonen intakt i forsvaret, og då røyken hadde lagt seg kunne aust – vest notere 150 for heile tri beit, ein iskald topp på vegen mot NM-gullet.

Denne likte eg endå betre:

♠4
♥J85
♦10875
♣J9543



♠A876
♥93
♦K643
♣Q76

♠QJ1092
♥762
♦J9
♣K102


♠K53
♥AKQ104
♦AQ2
♣A8

Etter at sør hadde vist ei sterk grandhand med femkorts hjarter, vart han speleførar i 4 hjarter. Aust – vest var Svein-Gunnar Karlberg og Kurt-Ove Thomassen, til slutt bronsemedaljør i Parfinalen, eit par som satsar svært seriøst på bridgen no, og er i landslagstroppen. Thomassen spela hjarter ut. Det er nok riktigast å vinne på handa og spela kløver ess og kløver, men speleførar vann med knekten i bordet og drog spar til niaren, kongen og esset. Ny hjarter sette inn speleførar, som stal ein spar og spela ruter til dama. Thomassen kan vinne med kongen og ta eit sparstikk, men når ruter knekt etterpå ramlar under esset, er ruterden god og speleførar blir kvitt kløvertaparen sin. Thomassen lasjerte ruter dame! Dimed var kommunikasjonen øydelagt og speleførar måtte gå ei beit.

Ringreven Tom Johansen, som kom på ein fin femteplass i Parfinalen saman med Per Løwe, nyttar luktesansen sin godt i fylgjande spel.

♠K94
♥8632
♦Q109
♣643

♠QJ6
♥A
♦A8532
♣J987



♠1032
♥J10975
♦J6
♣KQ10

♠A875
♥KQ4
♦K74
♣A52

Johansen i sør opna 1 grand, og det gjekk pass rundt. Kontrakten var nokså standard, det same var utspelet av ein liten ruter til tiaren, knekten og kongen, og Johansens framhald i spar. Vest fekk vinne fyrste sparrunde med knekten, og godspela omgående ruter sin med esset og ein ny ein. Då aust no skulle kaste eit kort, valde han hjarter knekt. Det såg heilt naturleg ut, men sette Johansen på sporet av eit verdifullt ekstra stikk: Aust har ikkje hjarter ess når han legg svakheit i hjarter, og han kastar nok heller ikkje hjarter frå knekt, ti fjerde med firekorts i bordet. Det kan jo kanskje vera eit avkast frå berre to eller tri hjarter, men då Johansen no tok nokre sparrundar og

oppdaga at aust frå start berre hadde tri spar i tillegg til dei to ruterane sine, var det svært sannsynleg at han hadde femkorts hjarter. Difor ein liten hjarter frå handa, og esset kom på! Åtte stikk gav 33 av 42 moglege plusspoeng på spelet.

Det var først etter siste runde at Karlberg og Thomassen kom seg opp på bronselassen. Dei hadde ein strålende sisterunde og spurta forbi det unge paret Harald Eide og Kristian Ellingsen, som ein likevel må seia presterte svært bra med ein fjerdelass. Avgjerande vart eit spel som dreidde seg om eit ganske enkelt spørsmål: Etter tri passar fram til deg, opnar du denne handa i sona?

♠932
♥J82
♦AQ953
♣A9

Eg er overtydd om at det er rett å opna 1 ruter, sjølv om ein ikkje har dei 15 poenga som eigentleg skal til i fjerdehand (honnørpoeng pluss antal spar, her 14). Ein har ein fin femkortsfarge og to ess, men endå viktigare: 3-3 i major. Altså ser ein ikkje mørkt på det korkje om makker melder ein major, 1 grand eller støttar ruteren. Thomassen opna, fekk 1 spar frå

makker og passa ned. Då motspelet svikta litt vart det åtte stikk, som gav 40 pluss av 42 moglege. Sjølv sju stikk ville vore ein fin score, for det gjekk pass rundt på 19 av 43 bord.

Det var jamt under bronselassen, men langt opp til dei to øvste plassane på pallen. Rune Brendeford Anderssen og Peter Marstrander kjempa lenge for gullet, men siste dag var det likevel Terje Lie og Nils Kåre Kvangleren som var i føringa, og dei vann i år som i fjar. Saman med bronsemedaljen deira frå EM for par tidleg i sumar, skulle dette prove at vi her har med strålende partevlingsspelarar å gjera. Dei har eit overtydande nærver ved bordet, har full kontroll på den risikosporten partevling trass alt skal vera, og er nok serleg gode på å slakte dei veikaste para. Ein svært sterk og fullt fortent siger, det er berre å bøyte seg i støvet.

Til slutt på Festivalen fylgte igjen NM monrad lag, ei tevling som altså vil utgå i den forma vi kjänner henne frå og med neste år. Etter ei lang og hard veke med bridge har nok mange rett og slett lite krefter att når dei kjem til NM monrad lag, og kvalitetten på sjølve bridgen vil nok profittere på ei plassering tidlegare i programmet. I år var dei eldste eldst: Lag EM 76, med brørne Tolle og Leif-Erik Stabell




Pallen i NM par. Frå venstre Rune Brendeford Anderssen, Peter Marstrander, Terje Lie, Nils Kåre Kvangleren, Kurt-Ove Thomassen og Svein-Gunnar Karlberg



Peter Marstrander, Tolle Stabell, Leif-Erik Stabell og Rune Brendeford Anderssen

og sylvmedaljørane frå NM par Peter Marstrander og Rune Brendeford Anderssen, kneip gullet etter ein spennande innspurt. På andre fylgde Keegan, kallenamnet til Odd Roar Smisetfoss, som her spela på lag med Ole Arild Berset, Kåre Bogø, John Vegard Aa, Dag Jørgen Stokkvik og Espen Larsen. På tridjepllass fylgde Mo i Raneran, Bjørn Rydland, Tommy Kristiansen, Jack Holand, Håkon Bogen og Jarle Bogen. Jack Holand vann butlaren som einskildspelar, føre Håkon Bogen, men beste faste par var Berset og Smisetfoss.

Svein Ingmar Sæther fortalte meg i ein audmjuk tone om eit spel frå NM monrad lag der han tabba seg ut. Poenget er fint.



Sæther sat sør og opna 1 grand. Etter at makker overførde til hjerter og hoppa til 3 grand, fekk han valet mellom to utgangar, og valde 3 grand med den trillrunde handa si. Eg ville nok spela spar ut frå vest si hand når makker ikkje hadde til ei dobling av 2 ruter, men vest valde ruter fem til liten, kongen og liten. Aust gjekk i boks. Då fekk Sæther òg tid til å fundere litt, og han innsåg at han nok hadde spela bort kontrakten i stikk éin. For aust fann skiftet til spar dame, vunne med kongen. Tre rundar hjerter gjekk fint, så ruter dame, men ruter knekt måtte han stikke over for å ha inntak til hjerterfargen. Då vart

det berre eitt stikk i spar, fem i hjerter og to i ruter, éi bet. Med mindre aust har spela ut frå femmaren dobbel, eventuelt ei eller anna form for falsk fordeling, er det gratis å avblokkere ein ruterhonnør under kongen. Etterpå vil ein alltid kunne les vest si ruterfordeling av småkorta han fylgjer med, og at han har fire eller fem er forresten nesten garantert idet han spelar ruter ut. Det blir barnemat å ta finesSENNA på niaren for ni stikk. Storsinna av Sæther å dele dette instruktive spillet med oss på kostnad av sitt eige gode namn og rykte, men eg trur nok mange ville gjort den samme slurvefeilen som han her. Løysinga ligg ganske enkelt i å ta seg god tid til å planleggje spelet, allereie i fyrste stikk. Seinare kan det vera for seint!

Det var ikkje stort å utsetja på gjennomføringa av Bridgefestivalen i år. Med rekneskap og slikt tyktest det meste gå på skjener, og det einaste eg fann å klage på var at det sume dagar vart valdsamt varmt inne i salen. Greitt nok at det var varmt ute, det er ein jo i utgangspunktet nøgd med, men det er ikkje bra for sjølvé bridgen om folk må spela i dehydrert og overoppheita tilstand. Uansett blir Festivalen i Fredrikstad også til neste år. Med Inger Hjellemarken og den dyktige staben hennar i spissen, er eg sikker på at arrangementet er i trygge hender også om visse strukturendringar skal effektuerast. Vi ventar i spenning, og sjåast igjen i Kongstenhallen om mindre enn eit år!



Inger Hjellemarken og Per Nordland har full kontroll

Siden sist fortsetter

mange som fremdeles spiller bridge på klubbnivå uten å være medlemmer. Vi får jevnlig henvendelser fra klubber som forteller at de har spillere som av ulike grunner ikke ønsker å betale årskontingenget. De fleste av oss har erfaring fra en rekke frivillige organisasjoner. For min egen del kan jeg liste opp tidligere og nåværende medlemskontingent til fotball, friidrett, jakt, fiske, friluftsliv, og bistandsarbeid. Jeg har derfor problemer med å forstå dem som ikke vil betale for å delta i det organiserte tilbuddet vi sammen med kretser og klubber kan tilby alle de som er glade i bridge. Bridge er sammenlignet med de fleste andre organiserte aktiviteter billig, men det er ikke gratis å drive et forbund med over 350 klubber og nær 10.000 medlemmer.

For at våre rutiner for oppfølging av våre medlemmer og klubber skal bli enda mer effektive, er vi avhengig av hjelp både fra deg som medlem og ikke minst fra ledere av klubber og kretser. Selv om mange klubber har gode rutiner på dette, medfører manglende oppdatering av kontaktinformasjon en stor utfordring for oss. Dette gjelder både når vi skal kontakte våre medlemmer, men også når medlemmer ønsker å melde seg på en turnering via turneringsweben, som krever

innlogging med brukernavn og passord.

Jeg oppfordrer våre klubbledere til å bruke noen minutter en spillekveld nå i oppstarten av en ny sesong, send rundt en liste og sørг for at alle medlemmer er kjent med hjemmesiden og hvordan de selv kan redigere sine personlige opplysninger. Vi bruker hver eneste dag mye tid på medlemmer som ikke er registrert med riktig postadresse eller e-post. Det er både irriterende for dere som ikke skjønner hvorfor medlemsbladet ikke kommer frem, og for oss som får flere hundre eksemplarer i retur for hver utsendelse.

Internasjonalt har Norge i år levert varierende resultater. I Nordisk Juniormesterskap på Hamar ble det gull til vårt U-25 lag, som imidlertid skuffet i EM med en 9. plass og ikke kvalifiserte seg for neste års VM. Vårt damelag vant sølv i Nordisk mesterskap, mens laget i Åpen klasse skuffet med en 4. plass.

I andre kamp vart det straks tyngre. Vi møtte Italia, eit anna lag med gode meritistar innan juniorbridgen, men som sagt med veikare spelarar no enn før. Dei skulle likevel koma til å dominere den fyrste delen av tevlinga, men sprakk som ein ballong etter kvart, og hamna attom Noreg totalt. Vi fekk 5,99 VP i denne kampen, etter eitt heilt overflødig stålegg og eit par tvilsame vurderingar.

Neste morgen gjekk det betre igjen, med 13,89 VP mot Tyrkia, eit lag som skulle koma til å gjera det bra i denne tevlinga. Mellom anna vann Harald

Eide 7 grand på eit svært finurleg og interessant spel, medan kontrakten på det andre bordet berre var 6 kløver.

♠A1093

♥Q654


♦K92

♣54

♠K842
♥KJ102
♦Q543
♣6


♠QJ6
♥9873
♦10876
♣108

♠75
♥A
♦AJ
♣AKQJ9732



Eg prøver i skrivande stund å konfrontere analysemaskinen Deep Finesse med spelet, men sjølv han treng lang tid på å finne variantane. Han bestemmer seg til slutt for at berre spar ut i teorien beitar 7 grand, men det var ikkje så lett å finne. Harald Eide fekk ein passiv kløver ut, og heller ikkje då var dette is og brus. Etter sju rundar kløver sat vest med ein spar, to hjarter og tri ruter, bordet spar ess, to hjarter og tri ruter, medan aust hadde tri spar og tri ruter. Harald spela så ein spar til bordet og ein hjarter til handa, før den siste kløveren fylgte. Vest måtte kaste ein ruter, i bordet forsvann no hjarter dame, og aust var genuint skvisa i spar og ruter.

I fjerde kamp kom den fyrste av Noregs største fadesar, mot Ungarn. Dette er eit svært ujamt lag, der dei beste spelarane har eit stort potensiale, men Noreg hadde tidlegare slått dei i fleire treningskamper på BBO. Underteikna må ærleg vedgå at dette var ei av mine svartaste stunder, sannsynlegvis den verste lagkampen eg har spela på lang tid, der alt gjekk gale. Mellom anna slurva eg bort ein utgang. Den fortente å gåbeit, men det er inga orsaking for ikkje å vinne den når den faktisk står.



Eg opna i tridjehand med 1 spar, og då makker etter 2 hjarter inn melde 2 spar, sa eg 4 spar. Vest spela hjarter konge ut. Som vanleg brukar eg litt tid på å granske bordet og sjansane mine, og ser at det er overhengande fare for beit med éin hjartertapar, to rutertaparar og ofte ein kløvertapar. Beste sjanse for ingen kløvertapar er i teorien dobbelfinessen, altså dame, knekt i aust, men eg har ikkje uendeleg mange inntak i bordet. Kanskje ein singel kløverhonnør i vest kan berge meg? Eller eit eller anna egg imot, eit kløveravkast frå honnør tridje, skift frå honnør dobbel i vest, kva som helst ... I neste stikk tek vest for ruter ess, liten, liten, liten, og dimed er eg beit. Han spelar trumf i neste stikk, eg tek tri rundar og er inne i bordet, og spelar kløver ni mot handa. Den krev knekten og esset, men når eg no spelar ruter dame er aust på høga og dukkar. Dimed får eg ikkje eit andre inntak i bordet til nok ein kløverkutt. Eg skal naturlegvis kaste ruter dame under esset, då er eg garantert eit ruterinntak i bordet etterpå. Det var ingen tvil om at dobbelfinessen i kløver var beste sjanse til å vinne utgangen, så den skulle eg byrja førebu heilt frå start. På det andre bordet gjekk den norske vest inn med 4 hjarter over 1 spar, vart dobla og gjekk to beit, 500, så det vart eit stort tapsspel. 2,56 VP fekk Noreg mot Ungarn.


Møtet med Tsjekkia i femte kamp vart ein hyggelegare affære, siger 19-1, etter litt uflaks og mykje flaks. Tsjekkia låg godt an frå start, men enda rundt middels til slutt, og spela ganske enkelt ikkje godt imot oss. Hegge og Stangeland hadde ei rekkje eventyrspel igjen.

Møtet med Serbia i sjette runde er det heller ikkje mykje å seia om. Dei var eit veikt lag, og Noreg fekk 19,33 VP.

Vi var no oppe på tridjepllass, ni poeng bak Danmark, som vi skulle møte i sjuande kamp. Akkurat som då vi møtte dei i Nordisk meisterskap, både i Round Robin og finalespelet, vart dette eit høgdramatisk oppgjer. Allereie fyrste spel tok eigentleg kaka. Med ingen i sonen går det 3 ruter til venste for deg, og to passar til deg. Kva melder du med fylgjande hand?

♠J3
♥K1087
♦K
♣AK10642

Ein hamnar rett som det er i situasjonar ved bridgebordet der ein utelukkande har därlege alternativ. Her er det såleis. Dobling verkar feil fordi makker ofte vil melde 3 eller til og med 4 spar. 3 hjarter er eit alternativ, men det viser i prinsippet femkorts. 4 kløver er kanskje det saklegaste alternativet, men har ein stor ulempe sams med dei andre alternativa: Meldinga utelukkar 3 grand, som godt kan vera einaste spelbare utgang. Ein enkel veg ut av den knipa er ganske enkelt å melde 3 grand. Kongen singel er inkje därleg hald i dette tilfellet, for sperreopnaren, som truleg har esset, kan aldri vita at kongen sit så laust og greie å leggje ned esset. 3 grand vart meldt, med pass rundt. Heile spelet:



Liten ruter ut gjev lett spel, men Rasmus Rask Jepsen fann spar dame. Kongen stakk aust med esset, og gjekk i tenkeboksen. Til slutt satsa ho på at makker skulle ha dame, knekt, tridje opprinneleg, og spela meir spar. Det var neppe ei avgjerd med oddsen, det må vera mykje meir sannsynleg at makker har ess, dame minst sjuanande eller ess, dame, ti sjette i ruter. No fekk eg elleve stikk, i staden for fire om ho skifter ruter. Ein sjustikks swing! På det andre bordet gjekk det opning 4 ruter, og dansken i fjerdehand hadde ikkje andre alternativ enn å doble. Heldigvis melde makker hjarter, for ein fredeleg 420.

Det danske ankerparet Dennis Bilde – Emil Jepsen spelar godt, men enkelt reint systemmessig. Det er ei oppskrift eg har tru på, men minimale avtaler fører jo til visse skumle situasjonar der ein rett og slett må stole på makkers sunne fornuft. I eitt spel opna Eide i 1 grand, det gjekk 2 ruter overføring frå Ellingsen, 2 hjarter frå grandopnaren, dobling frå Dennis Bilde som opplysnande mot hjarter. No redobla Ellingsen for å vise kort, og med fordelinga 3-4-3-3 og fire poeng, følte ikkje Jepsen for noka anna melding enn pass. Det same prinsippet bør gjelde her som etter 1 i farge – doblar – redoblar, synst eg, at pass berre tyder at ein ikkje har noka melding. Så får makker melde det han vil. Eg veit ikkje kva Bilde tenkte, om han kanskje trudde at 2 hjarter redobla heim kunne vera billegaste veg ut av spelet; det verkar litt rart det òg når han sjølv var i



Dzjomcz Studentkcyjzaczs, studenthotellelet vi budde på i Wrocław. Kaptein Lars Erik Eide kan skimtast i fjerda vindauge frå venstre på den tridje rekkja nedanfrå

gunstig sone. I alle fall gjekk det pass rundt, og etter eit elendig motspel fekk Eide heile elleve stikk i 2 hjarter redobla, for den sjeldne scoren 2040. Då 4 hjarter gjekk ei beit på det andre bordet, gav dette heile 19 IMP til Noreg, tri fleire enn vi til slutt vann kampen med. 13,61 VP her, i lag med dei to storsigrane mot Serbia og Tsjekkia, gav til saman ein svært god dag for Noreg. Det var no heilt tett mellom oss, Danmark og Sverige, men enno eit stykke opp til Italia.

Kampen mot Kroatia dagen etter kjendest forferdeleg etter ti av tjue spel, men med 50 IMP inn på dei seks siste spela berga vi 16,93 VP, mot eit lag dei fleste andre òg tok mykje poeng frå. Underteikna fekk fylgjande spel å glede seg over:

♠ -	♠32
♥A104	♥Q982
♦1084	♦Q972
♣AJ98642	♣Q105
♠10874	♠AKQJ965
♥J7	♥K653
♦KJ653	♦A
♣K3	♣7

Eg sat sør og opna 1 spar. Makker melde 1 grand, eg 2 grand som kunstig utgangskrav. Sjølvsagt har eg har eg bestemt meg for å ha spar som trumf her, men med mange hender som denne er det viktig å få sidefargen inn i meldingane i håp om at makker har støtte der – då først ser ein den røynlege verdien til korta. Over 2 grand viste makker ein femkorts minor med 3 kløver, men heller enn å spørja kva for ein det var, melde eg 3 hjarter. Makker lyfte til 4 no, i prinsippet firekorts støtte, men ei praktisk melding her. I forventninga om fire hjarter hjå makker sa eg 4 grand. Slem er bortimot nedlegg med ess, dame fjerde i hjarter og ingenting meir i nord. Får eg 5 ruter, eitt ess, blir det riktig nok litt gambling å melde slem, vi kan ha hjartertapar, men eg må nesten gjera det. Over 5 hjarter, to ess, hadde eg ingen vanske: 6 spar. Nok ein gong er det berre eitt

utspel som beitar, i dette tilfellet kløver, men igjen vart det passive alternativet valt, ein spar.

Eg drog trumfen i fire rundar og spela hjarter mot bordet. Sit hjarteren 3-3 er alt is og brus, men det er òg ein sjanse for at vest har både dama og knekten, då er det òg berre éin hjartertapar. Vest la liten og eg bad om tiaren, dama i aust og ruterskift. No spela eg kløver til esset og kløver til steling, og idet eg spelar den siste trumfen min og kastar bordets nest siste kløver, er aust skvist: Han kan ikkje halde tri hjarter og kløver dame. 1430 på bok.


I neste runde fylgte England, eit lag som ikkje er ulikt Ungarn, med høgt toppnivå og svært lågt botnnivå. Dei sette inn dei to beste para sine, som var i storform denne gongen, utan at dét skal forsvare alle eggja lagt av Noreg. Eide – Ellingsen spela nok likevel på det jamne, slik dei alltid gjør, medan det var Hegge – Stangeland sin tur til å bli myrda. 2,10 VP fekk Noreg ut av denne audmjukande affären.

Deretter stod sterke Polen for tur, eit land som alltid hevdar seg i juniorsamanhangar. Det er vel å merke ikkje direkte vanskeleg å spela mot dei, dei driv ikkje med fiksakseriar, men dei gjev normalt ikkje ut stort. Dei fekk ei stor leiing i denne kampen, mellom anna fordi eg og Grude byrja ein trend som diverre skulle vere meisterskapen ut, ein heilt elendig slemstatistikk. Vi er ikkje verdas mest samspela par, det skal seiast, så visse lettvintrøysingar kan det bli naudsynt å velja i vanskeleg terren, men därlege individuelle vurderingar må nok likevel ta ein stor del av skulda. Heldigvis gjorde polakkane eit par uventa brolarar på slutten: På uverkeleg vis tråkka dei på oss to soneutgangar, ein av dei dobla, og den unge Jakub Wojcieszek vart så sint på makker Pawel Jassem at han dagen etter gjekk ut i bulletinen med ei offisiell orsaking for framferda si. Noreg berga 7,93 VP i denne kampen.

Ellevte kamp var mot Bulgaria, eit lag som ein må sei skuffa i denne tevlinga, men det er mogleg at dei hadde eit veikare lag no enn før. Vi fekk 12,99 VP imot dei, men også dét kunne vore mykke meir om berre underteikna hadde skjøna seg på slemmar.

Tolvte runde mot Romania var noko så sjeldsynt som ein temmeleg velspela kamp, som gav Noreg 18,23 VP. Men dette var ikkje eit veldig vanskeleg lag å møte, og for så vidt var vi litt heldige på eitt spel. Kva vil du vera i på desse ressursane?

♠4
♥8764
♦K10632
♣1074




♠AKQ109
♥-
♦AJ4
♣AKQ32

Slem er jo bra, kanskje spesielt i kløver, ettersom du må stela frå ess, knekt tridje med hjarter ut mot ruterslem, og no er litt sårbar. Men 6 ruter går normalt bra, og til og med storeslem er sjanserikt – det blir oftast berre ruter dame heimgangen heng på. Grude opna 2 kløver og eg svara 2 ruter. No sa han 2 spar, og eg hadde eit val mellom fleire meldingar. Eg føler meg for veik for 2 grand, og granden skal jo forresten ofte spelast frå makkers hand her. 3 ruter er kanskje riktig, så får ein iallfall vist fram femkortsfargen sin, men eg valde å ligge lågt med 3 kløver, såkalla second negative, 0-3 poeng. Ein konge i spissen av ein femkortsfarge er kanskje eigentleg for mykje, men det er no så. No var ikkje makker sikker på om 4 kløver var krav eller ikkje, noko som verkar merkeleg. Melder han 4 kløver, som han skal, lirar eg sjølv sagt av meg 4 ruter, og vi er i slem. Men han hoppa til 5 kløver, som eg ikkje følte eg kunne gjera noko med. Aktuelt sat kløveren 4-1 og ruter dame bak tiaren, som var den vegen speleførar nesten måtte ta kutten i det som var kontrakten på det andre bordet, inkje mindre enn 7 ruter. No gjekk 7 ruter tri beit, så 5 kløver heim gav sving inn. Det kunne fort vore motsett!

Så langt alt vel, vi låg på sjetteplass med overkomeleg veg opp til Danmark, som no var på

toppen. Men ein ny dag grydde, og det skulle bli ein sorgens dag for Noreg.

Fyrst møtte vi Frankrike, som noko overraskande skulle vise seg å vinne tevlinga. Dette var kanskje Noregs verste kamp, i den forstand at den hadde vore så enkel å vinne, men enda med berre 5,99 VP: Etter ein god start vart fleire utgangar plutseleg trødd på, og Stangeland gløymde systemet med den konsekvensen at han måtte spela 3 ruter der det var spel for 6 spar og 6 kløver – 4 spar var i alle fall heilt standard. Eg må få trekkje fram eitt spel som døme på ei form for sløvsinn som det bør bli slutt på.



Eide – Ellingsen hadde eigentleg eit godt spel her, då dei spela 4 ruter med ti stikk, der det faktisk må spar ut frå nord for å beite 5 kløver i vest. På det andre bordet valde nord å melde 2 ruter, omvendt minor, over makkers opning 1 ruter. No synst eg det er uforståeleg å ikkje melde innpå 2 hjarter i aust, med 15 poeng og femkortsfarge, men Stangeland sa pass. Speleførar hoppa til 3 grand, og det gjekk pass rundt. Hegge spela kløver ut til esset, og no fann Stangeland motspelet då han skifte liten hjarter. Når speleførar no går opp på esset, kven har hjarter dame? Sjølvsagt vest, for speleførar har neppe nok stikk her til ikkje å prøve hjarterfinessen om han har dama. No hadde ikkje sør anna å gjera enn å fyre på med ruter. Idet han har avblokkert alle sine store ruter og spelar den høge ruter seks frå bordet, ser jo Stangeland rett ned på to beit: To svarte ess og fire hjarterstikk, for korleis skal vel speleførar få for kløver konge når det ikkje ligg kløver att i bordet? Like fullt vart det kasta ein hjarter for å halde fullt av spar. Der forsvann altså éi sonebeit, men når det ganske snart vart spela spar frå bordet greidde Stangeland i alle fall å gå opp på esset. No kunne han ikkje vita om makker hadde dama dobbel eller tridje i hjarter opprinneleg, men det var uansett gratis å leggje ned kongen, for med dama dobbel gjenverande må jo makker kunne sjå at han skal avblokkere – kor skal beita elles koma frå? Men dette vart ikkje gjort, Hegge kom i ellevte stikk inn i hjarter, og måtte gje sør hans åttande og niande stikk til slutt, for to svarte kongar! Feil i alle moglege ekle situasjoner, i meldingar så vel som speleföringar og motspel, må ein nesten ha tolmod med. Men slikt som dette ...

Mot Nederland var det derimot vi andre som surra. Eg og Grude kom i ein sparslem som handla om å løyse ess, knekt tridje i hjarter til konge, ti femte utan tapar. Med nok av trumf trong ein ikkje uroe seg for 4-1-sitsar, så det einaste spørsmålet var kvar dama er. Ein hadde tilsynelatande ingenting å gå på, ingen meldingar imot eller liknande, så då kan kanskje Grude kritisera for å gjera feil? Vel, det fanst eit lite halmstrå: Den eine spelaren hadde singel trumf, den andre dobbel. Han med singelton er favoritt til å ha hjarterlengda, altså skal ein kutte gjennom han. Når ein ikkje gjer det, altså spelar mot oddsen, har ein faktisk fortent å gå beit. På det andre bordet kom det hjarter ut, så der tok det




Kristoffer Hegge og Kristian Stangeland vart "best" av dei norske på butleren

to sekundar å notere 980. Eg og Grude hadde eit anna spel som må ha sett endå meir idiotisk ut, der vi stogga i 6 grand på til saman 37 honnørpoeng. Eg opna 1 kløver, makker svara 1 ruter som viste hjarter, og så hadde vi den avtala at ein tek imot overføringa med trikorts og 18-19-grand, i staden for å hoppe til 2 grand, som sume meiner er det beste. Problemet var at når makker no hadde til utgangskrav, 2 ruter, hadde vi inga avtale på korleis opnaren kunne vise 18-19-granden. Det måtte improviserast: Eg fekk sett kløver som trumf, fann ut om essa og kløver konge, men spurde deretter også etter trumfdama. Då makker ikkje hadde den melde eg 6 grand; problemet var berre at vi hadde tretten toppstikk utan å måtte gissee kløveren ... Nederland melde også ein annan, meir medioker slem som vi ikkje melde, som diverre var lettspela utan det kritiske utspelet. 1,67 VP fekk vi ut av dette marerittet.

Det var naturleg å tru at det kunne koma ein opptur då vi møtte Finland i runde 15. Dei gjorde det ikkje så verst i denne tevlinga, men er ikkje serleg gode. På eit av dei første spela lyktest eg med ein gammal klassikar, og følte vi var godt i gang.

♠QJ9
♥104
♦KQ1084
♣A76

♠K42
♥KJ6
♦72
♣J10852



♠1087653
♥AQ32
♦J
♣Q9

♠A
♥9875
♦A9653
♣K43

Grude i nord opna 1 ruter, og aust melde innpå 1 spar, ingen innerblink slik spelet skulle utvikle seg. Eg dobla, og då det no gikk 2 spar og to passar, valde eg å hoppe til 3 grand. Den meldinga er neppe alle sitt fyrsteval, men alternativa er like dårlige, og med den gode ruterstøtta kan 3 grand veldig fort vera ni ess. Vest spela spar ut til esset, og eg såg jo ni stikk om eg berre kunne få godspela eit andre sparstikk. Men om eg spelar ruter til dama og spar dame bør vest definitivt bli mistenksam: Det er eigentlig



Det var ein gedigen fotballbane rett uteom spelelokalet. Noregs U25-lag gjorde det generelt betre på denne enn ved bridgebordet, bortsett frå underteikna som gjorde det elendig på fotballbanen og

opplagt då at fire hjerterstikk i tillegg til spar konge er beste betesjanse, for eg spelar ikkje på motpartens farge med mindre eg er i akutt stikknaud. Så korleis held ein forsvarer unna hjerterfargen? Ved å spela den sjølv! Eg byrja med ruter til kongen og liten hjerter mot handa. Aust kunne jo ikke gå i med ein honnør, det ville blokkert fargen, så vest kom inn på knekten. Det var verkeleg ikkje lett for han å spela hjerter attende no, og då det kom spar konge og spar var kontrakten heime. På det andre bordet var nord speleførar, og Hegge – Stangeland tok ei kjapp beit med hjerter tri ut frå aust. Merk at den beste kontrakten eigentleg er 5 ruter, som står berre på ein trumfkutt i spar mot aust, men går beit når vest har spar konge.

Diverre skar det seg etter kvart mot Finland òg. Grude hadde ein kostbar kamikazeaksjon, og finnane visste generelt å ståleggje på dei spela der det ikkje kosta noko. 3,92 VP til Noreg, og så vidt 10 VP på heile denne dagen totalt. No var vi nede på niande plass, med lang fråstand opp til Polen på fyrste, og tevlinga handla plutsleig meir om å greie den viktige sjetteplassen, som gjev sikker VM-billett, enn om å få medalje.


Vi trong ein god kamp mot Sverige morgonen etter. Diverre kom det eit par dyre egg der òg, Grude tråkk på ein soneutgang og brende ein utgang for eigen maskin. Når vi hadde eit gladspel, fall det sjølvsagt oppå det store gladspelet til lagkameratane våre.

♠J85

♥2

♦A10987

♣J842



♠102

♥843

♦K5

♣AKQ765

♠AQ9743

♥AQ9

♦Q3

♣103

♠K6
♥KJ10765
♦J642
♣9

Eide – Ellingsen noterte 620 i 4 hjerter aust – vest, ein kontrakt det ser tungt ut å vinne med eit presist motspel. Mot underteikna gjekk meldingane multi 2

ruter frå svensken Ekenberg i vest, 2 spar frå Hult i aust, som viste hjartertoleranse. Eg kleiv innpå med 3 spar, og vest tok imot makkers lette invit med 4 hjerter. Grude melde 4 spar og alle passa. Kløver ni kom ut til dama, og kløver ess og ny kløver fylgde. Eg kasta rutertaparen min, og vest måtte stela. Derifrå kom ein ruter til esset, så hjerter til esset, ruter til steling, hjerter til esset og spar knekt. Etter som aust nøgde seg med ein invit mot makkers sperreopning i sona, og allereie hadde vist ess, konge, dame sjette i kløver, tri hjerter og ruter konge, og etter som vest tok på seg å melde 4 hjerter i sona, måtte spar konge vera hjå vest. Altså opp på esset, kongen kom, og med den noteringa 420, der éi beit i praksis hadde vore nesten like bra.

Endå eit spel var forferdeleg. Eg hadde fylgjande hand:

♠J52

♥76

♦J973

♣J954


Svenskane melde i fred, 1 grand 14-16 til høgre, 2 kløver Stayman, 2 hjerter, 2 grand kunstig krav, 3 ruter firekorts ruter, 4 kløver kontrollmelding, 4 ruter avventande, 4 hjerter kontrollmelding, 4 spar kontrollmelding, 4 grand Blackwood, 5 hjerter to ess, 6 ruter. Bordet har truleg fire spar, med kontroll iallfall i hjerter og kløver, speleførar har 4-4 i raudt med sparkkontroll, to ess. Makker har hatt sjansen til å doble to kunstige kløvermeldingar, så nokon super kløver har han neppe. Eg skulle spela ein spar ut, opp i speleførars kontroll. Heile spelet:

♠10873

♥A

♦AKQ85

♣K107



♠A64

♥KQJ9

♦10642

♣A3



Vemund Vikjord spela for Tyskland i Junior-EM

Til og med 7 ruter er ein glimrande kontrakt, 6 står i teorien alltid, men med trumfen 4-0 går du i praksis til lilleslem med spar ut. Du må nok spela ruter ti i stikk to for å vinne, og segle den, men det er jo umogleg. Du spelar naturlegvis ruter til esset, og alt er framleis fint om vest har tri hjarter; du tek berre hjarter ess, kløver til esset, kløver til kongen, kløver til steling og store hjarter. Men når vest kan stela allereie andre gongen blir du ikkje kvitt nok spar i bordet, for utspelet tok ifrå deg eit vesentleg inntak til handa medan hjarteren enno var blokkert. Med kløver ut, derimot, hadde speleførar kontroll. Då Ellingsen – Eide henta 800 i 2 hjarter dobla på det andre bordet, kosta det langt borti 30 IMP å bomme utspelet. Mykje på grunn av dette fekk vi berre 4,72 VP mot Sverige.

No hadde vi ei rekkje veike lag att fram mot den siste kampen, mot Israel.

16,08 mot Kviterussland var greitt, men ingenting å snakke om, dei var ikkje spesielt gode.

15,28 mot Tyskland var også greitt, men i den kampen presterte eg og Grude å brenne to gode storeslemmar i to spel som fylgte rett etter kvarandre, medan jenteparet på det andre bordet enkelt melde dei bæ. Det kunne med andre ord vore så mykje meir. Men det var då iallfall ein hyggeleg kamp, der eg og Grude spelte mot Vemund Vikjord, som kjem frå Oslo og tidlegare var med på det norske skulelandslaget. Han studerer no i München, og har altså like godt fått innpass på det tyske juniorlandslaget medan han bur der.

Austerrike var heller inga hard nött, men spela var litt for flate til å få med seg meir enn 17,32 VP.

Mot Belgia, derimot, i nest siste kamp, var spela alt anna enn keisame. Noreg låg dårlig an ei stund, men eit par gedigne svingar på slutten skaffa oss 15,61 VP. Dei som hadde henne vil nok neppe gløyme fylgjande hand med det fyrste:

**♠AKQ109
♥AKQ
♦A
♣AKQ5**

Eg har forståing for at einskilde juniorar valde å opna 7 grand her. Kor ofte får ein sjansen til å gjera det, med eit realistisk håp om at det vil stå? Hegge var meir seriøs, og byrja med 2 kløver. Han fekk 2 ruter frå makker, sa 2 spar som er krav, og fekk 3 kløver, igjen såkalla second negative, 0-3. No synst eg han fann ei god melding, 5 grand, som bed makker velja ein slem. Seier han 6 kløver eller 6 hjarter er det lett å lyfte, og seier han 6 spar hadde visst Hegge også bestemt seg for å lyfte. Men Stangeland kom opp med 6 ruter, som ikkje såg bra ut, og Hegge sa 6 spar som det gjekk pass rundt på. Stangelands hand:

**♠J87
♥876
♦QJ95
♣863**

7 spar er faktisk ingen veldig god kontrakt, men den har greie sjansar, og det er ikkje slik at ein kan finne ut om den er god eller ikkje: Hadde vest hatt kløver knekt i staden for ruter knekt ville den til dømes vore glimrande, eller han kan ha dobbel kløver ... Alle

melder jo 7 spar om makker berre hoppar til 4 spar over 2 spar, som er den normale meldinga for å vise ei därleg hand med tri spar. 3 kløver bør innebera maks dobbel spar. Endå meir mystisk var det at Stangeland melde 6 ruter i staden for 6 spar over 5 grand. 11 velfortente IMP ut mot 7 spar på det andre bordet.

Noregs opphenting på slutten hadde dverre byrja litt for seint. Vi visste før siste kamp, runde 21, at ein sjuanndepllass truleg ville vera nok til å få VM-plass, ettersom vertsnasjonen i VM, Tyrkia, var trygge på ei plassering mellom dei seks øvste i EM, og det såleis ville koma til å bli ein ekstra plass. Det var fem poeng opp til Nederland, som hadde att Danmark i siste kamp. Vi ville trengje hjelp derifrå, og i tillegg måtte vi greie eit godt resultat sjølv, og det mot eit av dei vanskelegaste laga å møte, sterke Israel. Dei hadde byrja elendig, men var no oppe på ein ganske trygg tridjepllass, og ville garantert kjempe med nebb og klør om ein endå edlare medalje.

Underteikna vil uansett vera ferdig som junior i oktober i år, og sidan reglane er så tåpelege at ein ikkje får vera med på VM etter fylte 25 jamvel om ein

spela på laget som kvalifiserte seg, var det jo mindre viktig for meg personleg om vi vart nummer åtte eller sju. Sjølvsagt håpa eg på det beste for lagkameratane mine, men det vart så eg og Grude stod over denne kampen, og overlét til Hegge – Stangeland og Ellingsen – Eide å fikse saka. Det lyktest dei dverre ikkje med. Ellingsen – Eide hadde eit par småsvin på skogen, men spela – som dei unekteleg ofte gjorde i denne tevlinga – stødig mot god motstand. Hegge – Stangeland vart derimot barberte; to scorar inn på tjue spel er sjeldan bra. Når røyken hadde lagt seg sat Noreg att med 1,99 VP, og fadesen var eit faktum: Vi kom på åttandepllass. Nokre fåe VP til hadde vore nok, då Danmark hjelpte oss som best dei kunne ved å banke Nederland.

Vinnarar av tevlinga vart altså Frankrike, på andre fylgte Polen og på tridje Israel. Danmark, Tyrkia, Sverige og Nederland er òg sikra VM-plass. Viss vi er riktig heldige kan det skje at eit lag frå ein annan av verdas soner trekkjer seg, slik at Noreg likevel får tilbod om å spela i VM. Det står høgast på Kristian Ellingsens ynskeliste til jul, men eg tør ikkje lova han noko.

Ser ein på butleren, fekk Hegge – Stangeland høgast score av dei norske med 0,47 i snitt. Underteikna og Grude fylgjer på plassen bak med 0,41, medan Eide – Ellingsen er litt lenger nede med 0,12. Men det var ein medvitn taktikk å bruke Hegge – Stangeland serleg mot dei därlege para, som dei generelt har veldig godt tak på. Mot sterkare motstand gjorde dei det ikkje bra. Eide – Ellingsen spela mot dei aller fleste gode laga, og då er det tyngre å få mykje pluss. Eg og Grude presterte generelt ikkje elendig, men vi var som sagt horrible på slempspela, og betalte naturleg nok ein høg pris for dét.

Standarden på arrangementet var bra, bortsett frå at det stundom var uuthaldeleg varmt i den store idrettshallen der speltinga gjekk føre seg. Den siste kvelden, etter banketten, arrangerte polakkane ein stemningsfull diskosom det stod stor vyrdnad av. Ein magisk aftan og ei akkurat passe uverdig avslutning på underteikna sin mangeårige juniorkarriere. Standarden på "hotellet" vi budde på var til gjengjeld elendig, men dét har jo ingenting med saka å gjera. Standarden på speltinga var endå elendigare, og difor gjekk det som det gjekk.



For å fokusere på det positive: Det var mange kule pinnsvin i Wrocław



Bra opphenting av U-20 laget

Av Marcus Scheie

Det var duket for det tjuefjerde Europamesterskapet for ungdom, denne gangen holdt i Wrocław, Polen. Som førstereisgutt var jeg usikker på hva jeg skulle forvente. Med på laget hadde jeg min makker Joakim Sæther, Christian Bakke og Espen Flått. Vi hadde trent en del fram mot mesterskapet og var klare for utfordringene som lå foran oss.


Reisen

De fleste av oss ankom smertefritt Wrocław en ganske vindfull dag to dager før mesterskapet skulle begynne for de yngste. Etter en lang drosjetur gjennom et noe slitent, men forbedret Wrocław var vi framme på "Hotellet". "Hotellet" var en liten blokk med studenthybler hvor det meste var selv gjort. Vi hadde rom ganske høyt oppe, og det var ingen heis som kunne ta de atletiske kroppene

noen etasjer opp. Da kan du tenke deg det hardkjøret vi måtte igjennom. Såpass med mosjon kan ta livet av en bridgespiller. Ikke nok med det, vi måtte gå frem og tilbake til spillelokalene i stekende sol. Ikke akkurat det beste bridgeværet. Spillelokalet var en hall som var godt satt opp med til tider god ventilasjon. Frokost, lunsj og middag var et strålende opplegg med mye god mat.

Når vi så på kampoppsettet, visste vi at det kom til å bli en tøff start. Den første dagen var vi satt opp mot Israel, Nederland og Polen, tre lag som alle lå på pallen i store deler av turneringa. Hvis vi satt igjen med litt poeng etter første dagen, ville vi ha et godt utgangspunkt. Det gjaldt å holde i korta og være med fra første stund. Det første spillet i mesterskapet mot Israel på BBO, illustrerte dette.

Dristighet kan lønne seg




Joakim i Nord åpner i 1 kløver som er minst to. Øst velger å passe 1 kløver med 4-2 i major tross sine 13 poeng, forståelig nok. Ettersom jeg og makker spiller med overføringer etter 1 kløver velger jeg å melde 1 hjerter som viser minst fire kort spar og 6+ honnørpoeng, ren sabotasje. Vest velger også å passe tross sine 14 poeng. Deretter kommer 1 spar hos makker som viser trekorts spar, og pass hos Øst og undertegnede – nå kommer Vest inn i meldingsløpet med 1 grand som makker passer. Problemet er nå at for Øst kan dette se ut som en ren balansering, og derfor velger han å passe 1 grand! Problemet kunne kanskje vært løst hvis Vest velger å si 1 spar over 1 hjerter for å vise en opplysende dobling. Vest kan ikke doble 1 hjerter, det normale er at det viser hjerterfarge. Det hadde vært leit å få et hopp hos makker etter overføringa. Motstanderne tryllt hjem 11 stikk i 1NT for 210 inn, som sjeldent er en god

score. Men 210 ble en god score nå, da de på det andre bordet, i samme retning kom i 3 grand med en bet! En ubetelig kontrakt som nå ga 6 ut i stedet for 6 inn. Nok et bevis på at eggét kom før høna. Kampen ble tapt med sifrene 18.43 – 1.57 VP.

Priorité major

I tredje kamp, også da på BBO, stod Polen for tur. Polen var det laget som hadde vunnet EM for skolelag hele fem år på rad. I første spill viser Espen at majoren er utrolig viktig:



Det blir åpnet i 4 ruter på Nord sine kort på begge bord, en ordinær, men god melding for å holde motstanderne ute. På det ene bordet blir 4 ruter passet rundt etter en noe lang tenkepause hos Vest. Ni enkle stikk for 50 ut. På det andre bordet gikk det likedan, men Espen valgte å si 4 hjerter i siste hånd! Espen ignorerte kløverfargen, et klokt valg, for 5 kløver går en bet. 4 hjerter viste seg derimot å være gull denne gangen, da makker dukket opp med firekorts støtte. Trumfen satt skjevt, men det hadde lite å si. Det ble notert 9 IMP til de gode. Vi tapte kampen med sifrene 14.94 – 5.06. Etter første dag lå vi på 17. plass av 19 lag.

Bring alltid med en kortstokk

Etter å ha spilt seksti spill om dagen var det mange som fant fram kortstokken også på kvelden etter kampene. Det gikk mest i det taktiske og angrepssynte bartespillet durak. De hete kampene ble spilt på det eneste oppholdsrommet vi hadde, nemlig vaskerommet. Vi fikk ofte besøk av de finske juniorspillerne der inne. Jeg tror fenomenet som

Marcus Scheie



Espen Flått og Christian Bakke

heter vaskemaskin var nytt for finnene. Skulle tro at de kanskje bare hadde med ett sett med klær så ofte som vi fikk besøk. Jeg lærte meg at durak var et spill for de som forventet det ventede. Mitt tips er å spille ut trumf i første runde for å psyke ut motstanderne. Hvordan noen klarer å bli durak, det skjønner ikke jeg. Men det er tydeligvis mye jeg ikke skjønner.

Stang ut

Det var tid for å møte England i den sjette kampen. Et lag vi regnet med var midt på treet. Undertegnede tok på sine stikkbriller og meldte to storeslemmer med triste konsekvenser.

♠J7654

♥Q62

♦10

♣K963



♠A3

♥J1097

♦J76

♣AQJ7

♠K99

♥A

♦AK95432

♣102

♠1082

♥K8543

♦Q8

♣854

Etter en nøyevaluering valgte jeg å legge kontrakten i den noe tvilsomme 7 ruter. Noe som jeg visste at sannsynligvis stod på en finesse, noe som var korrekt. Dessverre gikk ikke denne finessen og det 16 ble IMP ut. Fem spill senere kommer jeg over disse korta:

♠J83

♥6532

♦K432

♣94

♠92

♥K97

♦AJ1096

♣1065

♠AKQ7654

♥A

♦Q7

♣AKJ

♠10

♥QJ1084

♦85

♣Q8732

Her har vi 12 sikre stikk i 7 spar, det trettende stikket må komme på en finesse. Hvilken finesse velger du å ta? Dette er et unødvendig spørsmål, da ingen av finessene gikk. På det andre bordet ble det meldt 6 spar og 17 IMP ut. Det ville vært godt om i hvert fall en av disse finessene hadde gått. Men poenget er nemlig det at en storeslem skal ikke meldes på en finesse. I lengden er det mer å tape enn å vinne. En sjuer er respektabel å melde dersom den har 60 % sjanse. Jeg kunne trøste meg med at Israel, ved siden av oss, var det eneste laget som meldte begge storeslemmene. Det var to lag som meldte 7 ruter og fem lag som meldte 7 spar. Slike scorer har sjeldent noen positiv effekt på den generelt litt urettferdige butleren. Kampen tapte vi med sifrene 19,72 – 0,28 VP. Ikke så overraskende.

Poenghenting

Etter å ha ligget rundt 15. plass store deler av mesterskapet, var vi nødt til å knuse motstanderne i de resterende kampene for i det hele tatt å ha mulighet til å spille VM til neste år. De seks beste ville være garantert VM-plass, sju dersom arrangørlandet Tyrkia skulle greie en av de øverste plassene. Skottland var det første landet som skulle tape for de norske ungdommene, som nå var i fyrtog og flamme. De neste landene som møtte sin skjebne var Tyskland, Tsjekkia, Latvia, Slovakia og Irland, for

sekse strake seiere! To dager med god og stødig bridge hadde gitt resultater. Før siste kamp var vi nå på 8. plass med alle muligheter. Danmark stod for tur i siste kamp. Seier med ett IMP her ville vært nok til å passere danskene, så hvert IMP telte. Vi hadde spilt mot danskene i Nordisk mesterskap på Hamar og visste hva vi stod overfor. Litt nerver førte til mange gode kontrakter, noe vi kan se i spill 7:

Bridge er stikk, ikke poeng

♠A974	♦974	♣AKJ102
♥5		
♠K85	♠102	
♥QJ932	♥A1084	
♦AK10	♦QJ653	
♣54	♣63	
♠QJ63	♦102	
♥K76	♥A1084	
♦82	♦QJ653	
♣Q987	♣63	

Vest åpner i 1 hjerter, jeg i Nord dobler, Øst melder nå 2 hjerter. Joakim melder 2 spar, etterfulgt av pass i Vest. Etter lang tenkepause meldes det 3 hjerter i Nord, som spør om makker har tillegg for sin 2 spar. Pass og 4 spar. Kontrakten står uansett motspill, da sparbeholdningen hos motstanderen sitter helt perfekt for 620 og hele 10 IMP inn, da de på det andre bordet kom i 3 spar med ti stikk. Merk deg hvordan annen sparsits vil skape store problemer for kontrakten, den vil da i de fleste tilfeller gå beit. 20 poeng til sammen var altså nok til at det stod i utgang denne gangen, med en ikke så altfor stor fordelingshånd. Med sparstøtte hos makker og en god sidefarge var det lite eller mindre som skulle til for å melde en utgang som ikke ble meldt og spilt hjem ellers i hele Skole- og Jenteklassen. Fire lag meldte og spilte hjem 4 spar i Juniorklassen. Kampen viste seg å bli uhyre jevn, det var helt likt med sifrene 54-54 før siste spill. Dessverre skjedde det en glipp i siste spill, som gjorde at vi fikk 13 IMP ut, og kampen endte med sifrene 67-54 for et 13.2 – 6.8 tap. Vi fikk beholde 8. plassen med god margin, på 213,4 VP.



Joakim Sæther

Mesterskapet hadde nå kommet til veis ende. Det ble avsluttet med en bankett hvor noen var mer "styla" enn andre. Alt fra hverdagsklær til dress. Mer kan man ikke forvente av bridgespillere tross alt. Banketten ble utelukkende visuell, da de som holdt tale snakket svært lavt med fransk/polsk/engelsk aksent som ingen verken kunne høre godt eller forstå. Banketten ble etterfulgt av en avslutningsfest og diskos for de som er lette på dansefoten.

U20-klassen ble vunnet av Sverige foran Israel på andre og Frankrike på tredje. Jeg er ganske fornøyd med innsatsen vår. Vi kunne fort vært oppe og kjempet enda høyere. At laget tok seg kraftig sammen på slutten, viser at vi tross alt kan. Jeg tror og håper at dette med videre satsning kan bli riktig bra. Aktuelt gir 8. plass gode muligheter til å spille VM i Istanbul i Tyrkia til neste år, da Europa ofte får en ekstra plass fordi lag fra andre soner trekker seg. Jeg gleder meg til å fortsette å spille mesterskap med laget. EM i Polen var en meget positiv opplevelse og vi er allerede tent på neste utfordring.

Positiv EM-opplevelse for Norges jentelag

Av Stine Frøyse

Stine Frøyse fra Vinstra spilte for Norge i EM for jentelag i Polen i sommer. Frøyse sine makker var i hovedsak Sofie Græsholt Sjødal fra Nesoddtangen, det andre paret på laget var Marte Haugen Klingen fra Løkken og Thea Hove Hauge fra Os. Kaptein var Rosaline Barendregt og coach Elisabeth Græsholt Sjødal. Det er et meget ungt lag, og de var forberedt på å bli slått av de fleste, men spilte mange gode kamper og gjorde det bedre enn forventet med en sjetteplass blant ni lag. I utgangspunktet måtte man bli nummer fem eller bedre for å få være med til VM neste år, men av praktiske årsaker er det gode muligheter for at også Norge med sin sjetteplass i EM får delta. Her forteller Stine med egne ord om erfaringen det var å spille sitt første EM.



Sofie Græsholt Sjødal og Stine Frøyse

Når jeg først hører ordet EM så tenker jeg at det er oppskrytt. For jeg har alltid trodd at det er VM som er tingen. Men man kommer ikke til VM uten EM. Det opplevde jeg i Polen. Og når jeg satte beina på polsk jord så følte jeg at dette faktisk var litt skremmende, men jeg var innstilt på at jeg selv skulle gjøre en bra innsats.

Jeg undervurderte nivået i jentebridgen, noe jeg ikke skulle gjort. Men det er fint å se at jentebridgen faktisk er brukbar i noen land. Men de som gjør det bra har nok lengre rutine enn oss, og satser nok enda mer på trening, arbeid med system og lignende.

Når det gjelder vår egen spilling så er det mange ting vi kunne trent mer på: system, motspill, spilleføring, forståelse, unngå å gå mange dobla sonebeiter, og du må selvsagt klare å telle til 52, 40 og 13. Å sitte med en vegg imellom meg og makker gjorde meg ganske usikker. Skal ikke nekte for at jeg forklarte feil noen ganger, men heldigvis så endte det bra.

Burde vel kanskje gi en takk til coach Elisabeth og kaptein Rosaline for at de oppvarta oss med både kjeks, banan og drikke ved bridgebordet. Mest sannsynlig så vi ikke skulle dovne.

*De norske jentene under sammenligning.
Noe misnøye, men også mye glede*



Marte Haugen Klingen og Thea Hove Hauge

Når det gjelder meg og makker, synes jeg vi spilte relativt greit. Vi lærte av våre feil og våre motstandere sine brillante meldinger. Vi hadde jo ikke ambisjoner om å gjøre det knallbra, for denne turneringen var liksom bare en liten oppladning til EM i Tromsø i 2015. Men nå vet vi i alle fall hva vi må gjøre for å bli bedre til 2015, så vi slipper å skuffe det norske folk.



SIMULTANTURNERINGER

NBF arrangerer simultanturneringer hvor alle klubber tilknyttet NBF kan delta.

Deltagelse koster kr. 10,- per spiller, i tillegg til den vanlige serviceavgiften på kr. 10 per spiller. Det forutsettes bruk av Ruter som regnskapsprogram.

Turneringen spilles som en vanlig klubbturering. Klubbene velger selv antall spill de ønsker å spille, men på landsbasis teller bare 24 spill. Etter at turneringen er ferdig kreves det at du sender inn turneringen (mc2-filen) på e-post til NBF, dette trenger man ikke å gjøre fra spillelokalet. Det vil da bli beregnet et resultat på landsbasis der alle klubbenes resultat inngår. Det brukes vanlig parturneringsberegnning.

Turnering: Parturnering over minst 24 spill (Howell, Barometer eller Monrad, Mitchell er mulig om man velger en variant med én resultatliste, eks. Bofors-Mitchell).

Pris: kr. 10,- per spiller.

Fremgangsmåte:

1. Klubben melder seg på til NBF. (ruter@bridge.no)
2. Ansvarlig person får tilsendt kortfil som inneholder 24 spill, utsending starter ca. 2 uker før aktuell turnering. Klubber som spiller mer enn 24 spill legger til ekstra spill f.o.m. spill nr. 25.
3. Dere spiller turneringen som ordinært.
4. Kontroller at alle resultat er riktige, bruk funksjonen «Mistenkelige Resultat» som du finner under «Runderesultat» i utskriftsmenyen.
5. TL sender turneringen (mc2-filen) til ruter@bridge.no når turneringen er ferdig. Den skal være sendt inn innen kl. 10 dagen etter.
6. mc2-filen sender du på følgende måte:
 - Ha turneringen åpnet
 - Gå til Turneringsmeny og velg «Send til»
 - Har du knyttet en e-post-konto til Ruter velger du e-post, ellers velger du Ruter - Utboks. Da legges filen i Ruter – Utboks, og denne legger du som vedlegg i e-posten. (Turneringsfilen ligger også i mappen "Turnering" i "Ruter – Dokument" og har filnavn av typen åååå-mm-dd.mc2 (dato.mc2))
7. NBF beregner et totalresultat der alle resultatene (spill 1-24) ligger til grunn.
8. Et foreløpig resultat legges ut innen kl. 15 dagen etter turneringen. Feil må snarest rapporteres via din lokale turneringsleder.
9. Endelig sluttresultat publiseres innen kl. 15 to dager etter turnering.
10. Mesterpoeng tildeles etter tabell B, både på landsbasis (75 %) og i hver pulje (100 %), bruk rapporttypen «Simultanturering» når du rapporterer turneringen, ikke rapportér som vanlig klubbturering.

Datoer for simultanturneringer sesongen 2013-14:

Mandager: 23.9.13, 21.10.13, 18.11.13, 27.1.14, 24.2.14, 24.3.14 og 28.4.14

Tirsdager: 17.9.13, 15.10.13, 12.11.13, 21.1.13, 18.2.13, 18.3.13 og 22.4.14

Onsdager: 11.9.13, 9.10.13, 6.11.13, 15.1.14, 12.2.14, 12.3.14 og 9.4.14

Torsdager: 5.9.13, 3.10.13, 31.10.13, 9.1.14, 6.2.14, 6.3.14 og 3.4.14





Bronse til Kvangleren – Lie i EM par

Elles tynt Ope EM for Noreg

I andre halvdel av juni gjekk Den opne europameisterskapen av stabelen i kystbyen Ostende i Belgia. Det er denne tevlinga som skal gå i Tromsø i 2015, og sant å seia bør det vera fullt mogleg å få til eit betre arrangement der enn EBL gjorde i Belgia. La oss også håpe at nordmennene kan prestere litt betre bridge når tevlinga går på heimebane. I Ostende var det berre eitt norsk resultat å glede seg over, men det var til gjengjeld veldig bra: Nils Kåre Kvangleren og Terje Lie tok bronse i EM par.

Fyrst ute under det to veker lange arrangementet var som vanleg EM mix par. Av nokså mange nordmenn på startlista, kom berre to par til den 52 par store finalen. Ekteparet Tor og Gunn Helness enda der på ein heiderleg femteplass, som dei kanskje ikkje var helt nøgde med etter å ha lege høgare undervegs, medan ekteparet Tonje og Boye Brogeland vart nr. 16.

I EM mix lag var det såleis at dei fire beste etter elleve rundar, av totalt 98 lag, gjekk til eit medaljesluttspel, der nr. 1 spela mot nr. 2 om gull og sylv, nr. 3 mot nr. 4 om bronse. Lag Troll, som




Fjerdeplass til Boye Brogeland og sjuaneplass til Geir Helgemo i EM mix lag

var ektepara Tonje og Boye Brogeland og Helen og Espen Erichsen, kom på fjerdeplass i grunnspelet og fekk såleis spela om bronsen, men tapte denne kampen. Dei resterande laga spela ytterlegare fire kampar monrad, og då dette var over stod lag Hauge att på toppen, lag Helgeness på tridjepllass, noko som vel må innebera at Hauge vart nr. 5 og Helgeness nr. 7 samanlagt. Hauge var vel å merkje berre to spelarar registrerte i Noreg, Rune Hauge og Anna Malinowski, dertil dei to bulgarske vinnarane av EM mix par, Gunev og Popova, og polakkane Cichocki og Hocheker. På Helgeness spela Geir Helgemo, Tone Svendsen, Gunn Helness, Tor Helness og Geo Tislevoll.

